



SAMARBEIDSRUTINER FOR OVERGANG HEIM- BARNEHAGE I SKODJE KOMMUNE



Overordna mål for samarbeidsrutinane

- **Born og foreldre skal oppleve overgangen frå heim til barnehage som trygg og god**
- **Borna skal oppleve samanheng mellom heim og barnehage**
- **Barn og foreldre skal få tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når dei byter barnegruppe**
- **Å skape gode føresetnader for det enkelte barn sin trivsel, utvikling og læring.**

Barnehagen er ein institusjon for omsorg, danning, leik og læring, og den skal **bidra til ein god start på livet og livslang læring**. I samarbeid med foreldre skal barnehagen leggje til rette for at barnet skal få ein **trygg og god start** på barnehagelivet. Når barnet kjenner seg trygg, vil det lettare ha fokus på **utforsking, leik og læring**.

Livet består av mange overgangar, men nokre er større og meir krevjande enn andre. Det å starte i barnehagen er ei stor omvelting for både born og foreldre. Overgangar er naudsynte og kan opplevast meningsfulle, men det krev at endringa er mest mogleg «forståeleg». For barnet inneber dette ei oppleving av samanheng mellom heim og barnehage. Det må skapast kontakt og forbinding frå det kjente til det ukjente, og dei vaksne skal vere bindeledd og skape heilheit. Dette er for øvrig viktige faktorar også når born skal skifte avdeling/ gruppe innad i barnehagen.

«Rammeplan for barnehagen» (2017) fastslår at barnehagen skal

- Tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn
- Personalet skal sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.
- Personalet skal også sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter avdeling innad i barnehagen.

Mange born byrjar i barnehagen i ein alder der dei er spesielt sårbare når det gjeld separasjon frå mor og far. Ein eitt-åring har behov for støtte til å regulere egne kjensler, og dei har avgrensa kognitive føresetnader til å forstå kva som skjer når foreldre forlèt dei i barnehagen.

Gode relasjonar til personalet i barnehagen er med på å minske overveldande og utrygge opplevingar for barnet. Trygg tilknytning er når born oppfattar at dei vaksne er tilgjengelege for støtte, merksemd, beskytting og trøst.

Tilvenning handlar i stor grad om å venne seg til nye rutinar og aktivitetar. Tilknytning handlar om å knyte seg kjensle messig til *ein*, eller fleire, omsorgspersonar. Tilvenning kan gå relativt raskt, men tilknytning krev lenger tid.

Foreldre oppmodast om å setje av god tid i starten av tilvenninga, slik at barnet får høve til å bli trygg og kjent i eige tempo. Gode overgangar fordrar god dialog mellom foreldre og personale. Det skal brukast tid på å utveksle informasjon med kvarandre. Ein tilknytningsperson eller ein kontaktperson har hovudansvar for å knyte seg til barn og foreldre i starten, og denne vil vere som eit bindeledd mellom heim og barnehage. På sikt vil denne personen representere emosjonell tryggleik for barnet når mor og far er borte.

«Overgangsobjekt» er ting som borna er knytt til, og som fungerer som konkrete symbol på foreldre sin tryggleik og varme. Ein bamse, ein sutteklut eller ein smukk kan vere med på å skape tryggleik for barnet når foreldre er ute av syne.

Kjente eventyr, songar eller leikar som overførast til ny avdeling, kan fungere som tryggleik for born i overgangen mellom avdelingar/ grupper.

ÅRSHJUL SKODJE KOMMUNE

Overgang heim - barnehage

Overgangar innad i barnehagen

TID	AKTIVITET/ TILTAK	INNHALD	ANSVARLEG/ DELTAKARAR
Før søknadsfrist	Besøk	Foreldre og barn er velkomne på besøk i barnehagane før dei søker plass. Nokre av barnehagane har open dag, eller foreldre tek kontakt med den enkelte barnehage om dei ynskjer å kome på besøk.	Styrar
Heile året	Informasjon	Sørge for at søknadsskjema og informasjon om søknadsfrist er tilgjengelig	Einingsleiar
Mars	Søknadsfrist 1.mars	www.skodje.kommune.no Samordna opptak via oppvekstsentralen. Felles søknadsskjema for alle barnehagane.	Foreldre
Mars	Hovudopptak	Tildeler plass til barn som skal starte i barnehagen i august/ september, og som har søkt innan fristen.	Einingsleiar/ styrarar
Mars	Velkomstbrev	<ul style="list-style-type: none"> - «<i>Gratulerer med barnehageplass og velkommen til oss</i>» - Kontaktinformasjon - Kva foreldre kan vente i tida fram mot oppstart. - Link til årsplan og evt. heimeside 	Styrar
Mars	Plan for overgangar innad i barnehagen.	Korleis skape gode overgangar for born som skal skifte avdeling/ gruppe innad i barnehagen ved nytt barnehageår? Hugs informasjon til foreldregruppe. Legg også til rette for at foreldre får bli kjent med nye vaksne og ny avdeling.	Styrar/ pedagogisk leiar
TID	AKTIVITET/ TILTAK	INNHALD	ANSVARLEG/ DELTAKARAR

Rutinar for samarbeid ved overgang heim- barnehage i Skodje kommune

April/ mai/ juni	Iverksetting av overgangs-aktivitetar	Sjå eigen plan for kvar barnehage	Styrrar/ pedagogisk leiar/ assistentar
Mai	Informasjonsskriv	<ul style="list-style-type: none"> - Div info om gruppe/avdeling - Div info om tilvenningsperiode/ oppstart - Utstyrbehov i barnehagen - Div skjema som foreldre må fylle ut - Korleis førebu barnet til barnehagestart? - <i>Kva kan du som forelder gjere for å skape ein god tilvenningsperiode for barnet ditt?</i> - Info om besøksdag(ar) 	Styrrar
April / mai	Besøksdag	Invitasjon til felles besøksdag for alle nye, eller evt individuelle besøksdagar. Ulike tradisjonar i kvar barnehage.	Styrrar/ pedagogisk leiar
August	Nytt barnehageår 15.august	Dato for oppstart varierer for å unngå at alle nye barn og foreldre startar samstundes. Det blir gjort nærare avtale om oppstartsdato mellom foreldre og avdeling/ gruppe i god tid før oppstart.	Styrrar/ Pedagogisk leiar
August	Oppstartssamtale	Alle foreldre får tilbod om oppstartssamtale. Tema: informasjonsutveksling	Pedagogisk leiar
September/ oktober	Felles foreldremøte	Barnehagen og avdelinga/ gruppa inviterer alle foreldre til møte på kveldstid. Tema; informasjonsutveksling/ pedagogiske planar/ bli kjent.	Styrrar/ pedagogisk leiar
November	Foreldresamtale	Ein foreldresamtale er ein samtale om ditt barn sin trivsel og utvikling.	Pedagogisk leiar
Januar	Supplerande opptak	Dersom foreldre søker etter fristen eller ønsker oppstart på andre tidspunkt enn ved nytt barnehageår, blir ein satt på lista for supplerande opptak.	

Tilvenninga skal følgje barnet sine behov/ tempo. Foreldre oppmodast om å bruke god tid i denne perioden, evt sette av nokre ekstra feriedagar.

Samarbeidsrutinane er utarbeidd av ei arbeidsgruppe samansett av deltakarar frå barnehageområdet i Skodje kommune:

Anita Pernille Røys – styrar, Prestemarka barnehage

Sigrun Vollen – styrar, Valle barnehage

Camilla Molvær – styrarassistent, Plassebakken barnehage

Haydee Albertsen – pedagogisk leiar, Skodje barnehage

Elin Aasestrand – pedagogisk leiar, Stette barnehage

Grappa har samarbeida med representantar frå Foreldreutvala i barnehagane.

Tilknytningspsykologi og relasjonskompetanse har for øvrig vore eit felles satsingsområde til barnehagane i Skodje kommune gjennom prosjektet «*Ringar i Vatn*» (2016- 2019).